



MØTEPROTOKOLL

A

Utval: Ulstein kontrollutval
Møtestad: Ulstein rådhus, møterom Hasund
Dato: 06.02.2020
Tid: 13.00 – 14.45.

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Mork	Leiar
Berit Lyngstad	Medlem
Gerd Bang Brevik	Medlem
Knut Kleiven	Medlem

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Asbjørn Gausdal	Nestleiar
-----------------	-----------

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for
Vara var forsøkt innkalla, men lukkast ikkje å få inn grunna kort varsel	

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar Vest Kontroll

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå administrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Knut Erik Engh	Ordførar. I sak 05/20.

SAKLISTE

- SAK 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/20 MELDINGAR
- SAK 04/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 05/20 ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 06/20 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 07/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 08/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - INNKJØP– OPPFØLGING

SAKER SOM MÅTTE KOMME TIL.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/20	033	22.01.2020	06.02.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Knut Kleiven.

I møtet

Avtalt tid med ordførar i sak 5/20 kl. 13.30. Når han kjem går ein direkte til den saka, då han han må tilbake til anna møte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/20	049	22.01.2020	06.02.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 20.11.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 20.11.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/20	033&17	22.01.2020	06.02.2020	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.
2. Utvalet vil kome tilbake til SSR IKS si tilbakemelding seinare.

I møtet

Dagleg leiar i Vest kontroll og leiar i kontrollutvalet orienterte om ulike kurs som skal arrangerast første halvår, sentrale og lokale og korleis ein evt. kan melde seg på.

Tilbakemeldinga får SSR IKS, datert 20.12.2019 vedkomande Selskapskontrollen vart referert.

Vedlegg

Dokument. Forvaltningsprosjekt – Vurdering av innkjøpspraksis.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/20	033&58	22.01.2020	06.02.2020	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

- 1 Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt ingen merknader på gjennomgådde møteprotokollar.
- 2 Kontrollutvalet ved slik fordeling av utvala for gjennomgang av møteboker og saker:
 - Kommunestyret: Alle
 - Formannskapet: Berit Lyngstad
 - Levekårsutvalet: Gerd Bang Brevik
 - Teknisk utval: Knut Kleiven
 - Fellestrådet for eldre og Menneske med nedsett funksjonsevne: Asbjørn Gausdal
 - Administrasjonsutvalet: Asbjørn Gausdal
 - Arbeidsmiljøutvalet: Asbjørn Gausdal
 - Resten: Ivar Mork

I møtet

Kontrollutvalet ville fordele utval mellom seg i dette møtet.

Då Asbjørn Gaustad ikkje er til stades kan det vere aktuelt med litt endringar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/ulstein/dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

Administrasjonsutvalet	12.11			
Fellestrådet	15.10	12.11		
Formannskapet	22.10	12.11	21.11	03.12
Formannskap som klageorgan	03.12			
Klagenemnd eigedomskatt	13.11			
Kommunestyret	17.10	31.10	28.11	19.12
Levekårsutvalet	16.10	13.11		
Nammenemnda				
Skattetakstnemnda				
Styret i UEKF	14.10	26.11	16.12	
Teknisk utval	17.10	14.11	12.12	
Ungdomsrådet				
Valnemnda				
Valstyret				
Viltnemnda				
Valutval	11.11	25.11		

SSR IKS – styret

Sendt til leiar

SSR IKS – representantskapet

Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/20	033	23.01.2020	06.02.2020	JS

ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den gjensidige informasjonen til vitende.

I møtet

Ordføraren møtte kl. 13.30 som avtala og forlet møtet etter behandlinga av saka.

Særleg kom flg. fram i tillegg til det som er i saksopplysningane:

- Alle må vere bevisst i rollene.
- Fortsetje no som i førre periode med godt samarbeid
- Ordførar vil ikkje møte fast i kontrollutvalsmøta, men møter om han vert innkalla og gjerne når utvalet behandlar saker som skal vidare til kommunestyret.
- Leiaren i kontrollutvalet og ordføraren vil avtale når ein skal få gi informasjon om kontrollutvalet/kontrollordninga i kommunestyre. Sekretariatet og revisjonen kan og stille.
- Ordføraren opplyste at han som andre gjer feil. Når slikt skjer er han oppteken av å ordne opp/korrigere.

Saksopplysningar

- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 6-1, 3 ledd. Dette gir eit signal om ordføraren sitt tilhøve til utvalet og deltakinga der.
- Spørsmålet er om ordføraren har tenkt å møte og om han har høve til å møte i alle og i heile møta.
- Dersom ordføraren ikkje har høve å møte i heile møtet er det greitt å få avklara til kva tid han kan vere der av omsyn til saklista.
- Det er greitt å setje opp saker han bør delta på, i møte vi veit at han kan kome. At ordførar er til stades i saker som utvalet behandlar, som skal til kommunestyret, kan og vere viktig av omsyn til innsikta i sakene og behandlinga der.
- Kontrollutvalsleiar bør få tid i kommunestyremøta til å innleie/orientere om saker som vert lagt fram av kontrollutvalet.
- Saker frå kontrollutvalet bør setjast opp tidleg i møtet slik kontrollutvalsleiar, sekretariat og revisor ikkje treng vere til stades i heile møtet i kommunestyret.
- Ordførar bør sjå til at uttalen på rekneskapen frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer heile saksgangen.
- Ordførar bør sjå til at det er kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollordninga som vert lagt fram for kommunestyret (ikkje endra på av administrasjonen eller formannskapet)
- Ordførar bør vidare sjå til at saker som skal gå direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret ikkje er gått til behandling i formannskap eller andre utval (forvaltningsrevisjonsrapportar, særskilde rapportar bestilte av kontrollutvalet, budsjett, plan for forvaltningsrevisjon og plan for /eigarskapskontroll (selskapskontroll)
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og ordførar ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og ordførar er viktig ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/20	033	23.01.2020	06.02.2020	KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vedtar slik møteplan: 11.03, 14.05 (kl. 08.00), 03.09, 01.10, 04.11 og 03.12.

I møtet

Det var semje om å endre ein del møtedatoar, for å tilpasse medlemmane. I møte den 14.05. skal rekneskapane behandlast og det tidleg i møtet.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2020 er det i tillegg til 6. februar sett opp møte 11. mars, 7. mai, 3. september, 1. oktober 5. november og 3. desember.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/20	033	23.01.2020	06.02.2020	JS og KS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2019 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/20	217	28.01.2020	06.02.2020	KS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - INNKJØP- OPPFØLGING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

Vedlegg

1. Samandrag i rapporten – Innkjøp, datert 03.09.2019
2. Tilbakemelding frå kommunedirektøren, datert 15.01.2020

3. Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 28.01.2020

Saksopplysning

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Ulstein kommune gjorde i sak 31/18 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på innkjøpsområdet. Kontrollutvalet ynskjer at revisjonen skal vurdere praksis vedk. lov om offentlege innkjøp, forskrifter og reglement/rutinar, om kommunen bruker rammeavtalane dei er bundne av.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøp – Ulstein kommune, datert 03.09.2019. Denne var handsama i kontrollutvalssak 30/19, og vidare i kommunestyret 28.11.2019 i sak 129/2019 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Innkjøp, Ulstein kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 03.09.19).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - Kommunen skal følgje gjeldande regelverk for innkjøp.
 - Kommunen må vurdere å følgje rutinar og bruke mal-dokument utarbeida av innkjøpssamarbeidet i Ålesund som kommunen er ein del av. Dette vil bidra til å effektivisere innkjøpsarbeidet og sikre trygge og gode innkjøpsrutinar i samsvar med gjeldande lov og regelverk.
 - Når andre aktørar gjennomfører konkurranse på vegne av kommunen, må kommunen innhente relevante dokument for å sikre seg at prosessen har følgd gjeldande regelverk.
 - Kommunen må ved alle innkjøp over 100 000 kr utarbeide innkjøpsprotokoll. Dette vil kunne bidra til at alle innkjøpsprosessane vert tilfredstillande dokumentert og grunngjeven.
3. Kommunestyret vedtek at kommunedirektøren rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **15.01.2020**.

Tilbakemelding frå Kommunedirektøren, av 15.01.2020

- Mal-dokument utarbeidd av innkjøpssamarbeid i Ålesund. Vi nyttar desse dokumenta og rutinane så langt dei er hensiktsmessige for oss. Rutinane som ligg i avtaleleseren til innkjøpssamarbeidet er tilpassa Ålesund kommune, og einingane i Ålesund kommune skal nytte konserninnkjøp i Ålesund kommune i mykje større grad enn det vår samarbeidsavtale gir opning for. Utover det kan vi bruke konserninnkjøp når dei har kapasitet.
- Vi vil sikre at Ulstein kommune har dokumentasjon på innkjøpsprosesser gjennomført av eksterne. Det betyr dokumentasjon på innhenting av tilbud/utlysing på Doffin.

Dokumentasjon på anbudsopning dersom denne opninga vert gjennomført av eksterne og dokumentasjon på innkjøpsprosess og vurderingar fram til endeleg val av leverandør og signering av kontrakt.

- Det skal utarbeidast ein innkjøpsprotokoll for innkjøp over 100 000 kr. Utforminga av denne kan variere knytt ulike prosjekt, men informasjonen i protokollen skal være som i avsnitt over.

For rammeavtaler som vert etablert gjennom innkjøpssamarbeidet med Ålesund går det fram av punkt 4.1.4 i avtalen at «Ålesund kommune er ansvarleg for at rammeavtalene inngås i henhold til regelverket».

Når det gjeld praktisk oppfølging av innkjøpsarbeidet vert det etablert ei ny intern ressursgruppe for innkjøp innan utgangen av januar. Vi er og i dialog med konserninnkjøp i Ålesund om å få gjennomført lokale kurs i innkjøpsregelverket. Konserninnkjøp har god kompetanse på dette og vi arbeider for å få til slike kurs i 2020.

Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik, av 28.01.2020

Ut i frå tilbakemeldinga til kommunedirektøren har kommunen sett i verk tiltak for å sikre tilfredsstillande sakshandsaming jfr. anbefalingane i forvaltningsrevisjonen.

Ein etterkontroll på eit seinare tidspunkt vil kunne avdekke om tiltaka har hatt effekt.

Møtet slutt.

Ivar Mork
Leiar

Knut Kleiven
Medlem

Utskift til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar og kommunedirektør til orientering.